

# Venstres kandidatar i Sogndal



## 1 Bjarte Haugen

jobbar for at Sogndal skal leggja til rette for grøn omstilling og nyskaping, bl.a ved å etablera eit kommunalt næringsfond og stimulera lokal verdiskaping gjennom innkjøpspolitikken. Bjarte er ingeniør og jobbar i Sognekraft. Han er ein av to Venstre-representantar i dagens kommunestyre.



## 2 Magnhild Sægrov

jobbar for at barnehagar og skular i Sogndal gjev born og unge meistring, læring og kreativitet. Magnhild er lektor ved Sogndal vgs. og fersk i politikken.



## 3 Jan Arild Rømmen

er oppteken av at Sogndal er ein open kommune der makta ligg hjå politikarane. Jan er pensjonist, tidlegare advokat, og vara til kommunestyret og planutvalet.



## 4 Tove Taranger Knutsen

er oppteken av trygge bobiljø med berekraftig bruk av naturen og nærmiljøet som kreativ leikegrind. Tove er stiutviklar i Rekkje AS, og fersk i politikken.



## 5 Cornelius Haugen

er ungdomskandidat og oppteken av at born og unge skal ha gode møteplassar og breie skuletilbod. Cornelius er lærling innan industrifaga.

## 6 Eyvind Øgar

## 7 Maria Knagenhjelm

## 8 Christian Frøyd

## 9 Trude Risnes

## 10 Christoffer Knagenhjelm

## 11 Jon Asbjørn Målsnes

## 12 Jørgen Dahle Eikenes

## 13 Are Kvistad

## 14 Mats Feigum

## 15 Anders Yri

## 16 Ellen Smenes

## 17 Anja Mundal

## 18 Glenn Heine Orkelbog

INFORMASJON



VENSTRE

Sogndal Venstre

På lag med  
framtida

Saman tek me  
Sogndal framover.

Viktige saker for Venstre



Les meir om våre saker  
+ programmet vårt og heile  
lista på nettsida:

[www.venstre.no/lokal/vestland/](http://www.venstre.no/lokal/vestland/)



## Sogndal Venstre jobbar for

### Klima og miljø

Sogndal treng Venstre som modig miljøparti. Me vil halda fram kampen mot ureining, verna om matjord og naturmangfald, og sikra god balanse mellom det urørde og tilrettelegging i naturen. Me er positive til marint vern, tiltak for ein rein og frisk Sognefjord og jobbar mot nedbygging av strandlinja.

### Førebyggjande helse og omsorg

Folk skal få leva sjølvstendige liv, bli inkludert og kunna delta i lokalsamfunnet. Alle skal vera trygge på å få hjelp når dei treng det.

## God oppvekst med meistring, læring og kreativitet

**Me vil ha gode oppvekstvilkår, like mogleigheter og betre tilpassa opplæring. Born og unge treng trygge vaksne som tek leiarrolla. Dyktige lærarar er det viktigaste for å sikra god kvalitet.**

### Venstre vil

- sikra nok bemanning i barnehagar og skular
- byggja ny barnehage på Kvernhushaugen på Kaupanger
- gje lærarane eit reelt val mellom skulebøker og digitale læringsressursar
- prioritera tidleg innsats, også for

### Kulturlivet

Me vil løfta kulturminnevernet med ein samla plan, prioritera møteplassar for ungdom og tilgang til kulturaktivitet for alle.. Me vil ha Artist in Residence i Fjærland og Balestrand



## Grønt og nyskapande nærings- og arbeidsliv

### Framtidas nærings- og arbeidsliv er grønt, nyskapande og inkluderande.

Sogndal kommune skal vera ein føreseileg og god samarbeidspartnar for næringsliv og offentleg verksemd. Me skal gå føre i kampen mot utanforskap i arbeids- og næringsliv.

- sikra ei berekraftig besøksforvaltning
- jobba for gode kommunikasjonar i og ut av regionen, bl.a trygg Rv 13, gode heilårsruter for Sognebåten, og betre ferjetilbod Hella - Dragsvik-Vangsnes
- ha eit tilgjengeleg arbeidsliv for alle



### Venstre vil

- aktivt støtta verksemder og entreprenørar som ønskjer å gjennomføra grøn omstilling
- etablira kommunalt næringsfond
- skjerpa driveplikta og stimulera til småskala landbruksverksem

## Inkluderande bustader og bumiljø i levande tettstader

### Attraktive tettstader

Venstre vil utvikla tilgjengelege og aldersvennlege tettstader med varierte butilbod og tenester, møteplassar og kulturtilbod.

- prioritera aktivitetshus for rus- og psykiatritenesta, slik brukarane vil
- jobba for fleire gang og sykkelfelt bl.a mellom Årøy og Sogndal
- samarbeida med private aktørar om å utvikle friområde og badeplassar

dei som treng ekstra utfordringar

- gje lærarane etterutdanning tilpassa fagfornyinga
- halda fram opprustning av barnehagar og skular
- ha breie tilbod ved Sogndal vgs. Minst fire liner studieførebuande, tilbod om påbygg, 3-årig helsefag



### Venstre vil

- sikra varierte bustader, grøntareal og fleire leik- og aktivitetsområde.
- at sentrumsområda skal vera tilgjengelege også for barnefamiliar og folk utan tjukk lommebok
- vidareutvikla transporttilbod for unge og gamle

